



Gamleskulen blir ein meir og meir populær møteplass og no inviterar nokre engasjerte damer til føremiddagstreff der på torsdagar.

Første treff blir torsdag 30. august frå klokka

11 til 13.30. Damene strekar under at desse treffa ikkje må samanliknast med opningen på tysdagane, dei vil vera meir uformelle. Ingen bestemt organisasjon står bak og målsetjinga er enkelt sagt å samlast til ein prat.

Det blir heller ikkje sal av mat, det ein treng for eige behov tek ein med seg heimefrå., med unntak av kaffi
Men ta også gjerne med tøflar, så slepp ein å vaska etterpå!

Det blir ikkje lagt opp til noko bestemt program, men damene har ikkje noko i mot at det til dømes blir lese eit dikt eller to!
Initiativtakarane vonar at deira ide blir kunngjort også til slike som ikkje er på nettet.

Når det ellers gjeld Gamleskulen er det førebels ikkje skjedd noko avgjerande med kjellaren. I september vil det bli drøfta nærare kva den kan og bør nyttast til.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen